



Høvåg 06.02.2026

Innspel til Lesekommisjonen frå Varmere Barndom

## Innleiing

Varmere Barndom ønskjer med dette å gi innspel til arbeidet i Lesekommisjonen og samtidig uttrykkje støtte til initiativet med å styrkje barns og unges leseferdigheiter og leselest.

Organisasjonen arbeider for å styrkje oppvekstmiljø gjennom relasjon, kreativitet, livsmeistring og heilskapleg forståing av barns utvikling. På bakgrunn av erfaring frå arbeid med barnehagar, skular, foreldre og fagmiljø ønskjer vi å bidra med praksisnære perspektiv og erfaringar som kan vere relevante i kommisjonens arbeid.

---

## Hovudperspektiv: Lesing utviklast gjennom relasjon og meiningsskaping

Lesekompetanse er meir enn ein teknisk ferdigheit. Lesing utviklast gjennom relasjonelle erfaringar, språkleg utvikling, fantasi, motivasjon og opplevinga av meining.

Tiltak for å styrkje leseferdigheiter bør derfor byggje på ei heilskapleg forståing av barns utvikling frå tidleg barndom til ungdomstid. Arbeidet med lesing må sjåast i samheng med trivsel, motivasjon og opplevinga av tilhørslse.

Varmere Barndom arbeider særleg med samanhengen mellom relasjon, trivsel og læring, og ønskjer å bidra med erfaringar frå dette perspektivet.

---

## Utviklingsperspektiv på leseutvikling

### 0–3 år: Språk, rytme og tryggleik

Grunnlaget for leseutvikling blir lagt gjennom:

- Høgtlesing som relasjonell aktivitet
- Rim, song og rytme
- Biletbøker og forteljingar
- Rettleiing til foreldre om språk og samspel

Målet er å utvikle språkleg rytme, tryggleik og forteljingsglede.

---

## 3–6 år: Fantasi og symbolforståing

I denne perioden utviklar barn evne til å forstå symbol og forteljingar gjennom:

- Rolleleik og dramatisering
- Aktiv bruk av bøker i leik
- Forteljing utan bok
- Medverknad frå barn i val av litteratur

Målet er å styrkje indre bilete og symbolforståing som grunnlag for vidare leseopplæring.

---

## 6–9 år: Overgang til teknisk lesing

Overgangen til formell leseopplæring bør:

- Kombinere leik, kropp og tekst
  - Tilpassast ulike læringsstilar
  - Ha låg terskel for meistring
  - Ivareta motivasjon og leseglede
- 

## 9–13 år: Identitet og tekstforståing

I denne fasen er det viktig å:

- Bruke litteratur som speglar barns erfaringar og kjensler
  - Skape rom for samtale og refleksjon
  - Integreere kreativ skrivning og litterær utforsking
- 

## 13–18 år: Kritisk og sjølvstendig lesing

Ungdom bør få utvikle:

- Kritisk tekstforståing
  - Analysekompetanse
  - Lesing som grunnlag for demokratisk deltaking
- 

## Praksisnære tiltak som kan styrkje leselyst og leseferdigheiter

### Barnehagebibliotek – mikrobibliotek

Varmere Barndom ønskjer å peike på potensialet i lågterskelbibliotek i barnehagar.

Slike bibliotek kan:

- Plasserast i garderobe eller andre naturlege møtepunkt

- Vere lett tilgjengelege for barn og foreldre
- Leggje til rette for enkel utlån av bøker til heimen
- Integrerast aktivt i barnehagens pedagogiske arbeid
- Bidra til at barn sjølve får velje og bli kjende med litteratur

Erfaringar frå praksis tyder på at synleg og lett tilgjengeleg litteratur kan bidra til å styrkje leseaktivitet både i barnehage og heim.

---

## Klassebibliotek i skulen

Klassebaserte bibliotek kan styrkje leseengasjement ved at:

- Elevane kan bidra med boktips og anbefalingar
- Litteratur blir delt gjennom presentasjon og samtale
- Elevane utviklar eigarskap til litteratur og leseopplevingar

Låg terskel for tilgang til litteratur kan vere avgjerande for å stimulere leselyst.

---

## Gatebibliotek i nærmiljø

Opne nærbibliotek i lokalsamfunn kan:

- Gjere bøker lett tilgjengelege utan formelle utlånsordningar
- Skape kultur for deling av litteratur
- Styrkje lesing som sosial praksis

Erfaringar frå slike tiltak viser at dei ofte skaper lokalt engasjement og interesse for lesing.

---

## Relasjonskompetanse i leseopplæring

Trygge relasjonar mellom barn og vaksne er ein sentral faktor for motivasjon og læring. Varmere Barndom meiner relasjonskompetanse bør vere ein tydeleg del av kompetanseutvikling for pedagogar som arbeider med leseopplæring.

---

## Foreldrerettleiing om lesing

Foreldre spelar ei avgjerande rolle i barns leseutvikling. Enkle og praksisnære rettleiingstiltak kan bidra til å:

- Styrkje høgtlesing i heimen
  - Gi kunnskap om språkutvikling
  - Styrkje samarbeid mellom heim og institusjon
-

## Vidare utviklingsarbeid

Varmere Barndom arbeider for tida med utvikling av eit relasjonskompetanseprogram i samarbeid med Rådet for Psykisk helse. Programmet rettar seg mot foreldre og tilsette i barnehage og skule og er planlagt utvikla til kursprogram i 2026–2027.

Organisasjonen ønskjer å dele erfaringar frå dette arbeidet og deltek gjerne i vidare fagleg dialog eller erfaringsdeling dersom det blir vurdert som relevant i kommisjonens arbeid eller i oppfølginga av kommisjonens anbefalingar.

---

## Om Varmere Barndom

### Føremål

Varmere Barndom har som føremål å styrkje oppvekstvilkåra for barn gjennom å fremje varme relasjonar, trygge miljø og kompetente vaksne rundt barnet. Organisasjonen arbeider for å bidra med kunnskap, støtte, fellesskap og førebyggjande tiltak som fremjar trivsel, utvikling og psykisk helse hos barn – i heim, barnehage, skule og lokalsamfunn.

### Arbeidsområde

Varmere Barndom arbeider med utvikling av inspirasjons- og kompetansetiltak for foreldre, tilsette i barnehage og skule, samt faglege utviklingsprosjekt knytt til relasjonskompetanse, lek, kreativitet og psykososialt læringsmiljø. Arbeidet omfattar inspirasjonsdagar, kompetanseutvikling, utviklingsprosjekt og samarbeid med fagmiljø.

---

## Styre

### **Svein Helge Grødem – styreleiar**

Svein Helge Grødem har fleire tiår med erfaring frå barnehagesektoren, mellom anna som styrar. Han er grunnleggjar av Idebroen og arbeider med inspirasjonsdagar og deling av kreative og relasjonsbaserte metodar i arbeid med barn. Gjennom sitt arbeid har han hatt særleg fokus på samanhengen mellom relasjon, trivsel og læring.

### **Sondre Bjaberg – styremedlem**

Sondre Bjaberg er barnehagelærer og pedagogisk leiar med brei erfaring frå arbeid med barns åtferd og samspel. Han er kjent for å engasjere og motivere fagmiljø, og har delteke aktivt i inspirasjonsdagar i regi av Idebroen og Varmere Barndom.

### **Hazar Al-Azaawy – styremedlem**

Hazar Al-Azaawy er barnehagelærer og pedagogisk leiar med sterkt engasjement for relasjonar, inkludering og fellesskap. Ho har erfaring både frå arbeid i barnehage og frå skuleperspektivet som forelder, og arbeider for å skape trygge og inkluderande utviklingsarenaer for barn.

---

## Avslutning

Varmere Barndom ønskjer Lesekommisjonen lykke til med arbeidet og bidreg gjerne med faglege innspel og erfaringsdeling vidare i prosessen.

---

Med helsing

Svein Helge Grødem

Styreleiar